

## Høyringsuttale

Innsendt	28.09.2024 15.13.06
ReferanselD	KINN005-1714839
<b>Innleiing</b>	
<b>Innleiing</b>	
Har du/de fått tilsendt høyringssaken i adressert sending frå kommunen?	
<input type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei
Saknr	Namn på høyringssak
Samfunnsdelen til kommuneplan 2024 -2036	Offentlig høyring vedtatt i sak KOST -083-24

<b>Opplysningar om innsendar</b>	
<b>Innsendar</b>	
Uttalen er	
<input checked="" type="checkbox"/> Personleg	
<input type="checkbox"/> På vegne av føretak / lag / foreining	
<b>Opplysningar om innsendar</b>	
Fødselsdato	
28.11.1973	
Fornavn	Etternavn
Tone	Thesen
Adresse	
Brandsøyvegen 81	
Postnr/sted	
6908 FLORØ	
Telefon privat	jobb
47245588	
E-postadresse	
toneols7@gmail.com	

<b>Uttale</b>
<b>Uttale</b>
Uttale til saka
"10-minuttsbyen som blir lansert i denne kommunalplanen, bør også inkludere Krokane som bysenter. Her er det store moglegheiter for å byggje og leggje til rette for eit levande lokalsamfunn.  Krokane skule har plass til å ta i mot fleire elevar frå ein byskule som har for mange elevar og som ikkje er godkjend som skulebygg, verken gymsal eller skuleområde som er stort nok. Krokane skule har gode uteområde og gode potensiale for utviding. Når det blir for trengt i klasseromma, blir det meir uro, støy og åtferdsvanskar, meir slitasje på tilsette

og vansklegare å tilpasse individuelt.

Kinn kommune tek i mot mange flyktningar, difor er det naudsynt med tospråklege lærarar og assistentar og større behov for spesialundervisning/ individuelt tilrettelagd undervisning.

Barnehage:

Når barnehagane har løpande opptak, blir det naudsynt å oppbemanne fordi i tilvenningstida stillast det større krav til tilsette. For å få til ei vellukka tilvenning må dei vaksne bruke ekstra tid til å bli kjend med det nye barnet. Dette vil nødvendigvis gje mindre tid til dei andre borna som den vaksne er primærkontakt til, noko som kan skape uro og gråt i barnegruppa. Difor er det naudsynt med tilstrekkeleg grunnbemanning og kompetente vaksne. To-pedagogordninga i Kinn kommune må vidareførast for å sikre kvaliteten i det pedagogiske tilbodet i barnehagen. Grunnbemanninga må opp for å redusere slitasje og sjukefråvær. Ved å auke grunnbemanninga i staden for å redusere den, kan barnehagen jobbe meir førebyggjande med psyko-sosiale- og pedagogiske tiltak som på sikt kan redusere behovet for spesialundervisning i skulen. Det er umogleg å jobbe førebyggjande dersom Kinn kommune vil gå ned på kvalitet og ressursar. Det vil heller ikkje skape attraktive arbeidsplassar.

### **Vedlegg**

Ingen vedlegg er lagt til